Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1.  Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.  Herad: Strandebarm

Emne: Ard og plog.  Bygdelag: Omastrand

Oppskr. av: Andr. Oma  Gard: Oma

(adresse): Omastrand  G.nr. 38  Br.nr. 7

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Delvis.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Til sp. 1: Ard er ikkje brukt no, men her finst ard på g. gardar.

" 2: Nei. Ja, ein mann i 40 års alder minnest at far hans nytta ard istaden for plog av og til. Köyrt p. kryss og tvers fl. g. Kornet vart mylda ned med rivo med jarntindar i.

" 3: Ja – både til å laga rader med og som hyppeplog. Ard er gjord for det meste av tre og grovare i d. heile; hyppeplog er lettare og har jarnskjer og veltebrett.

" 4. Dei to eg har sett her i bygdi (grendi), svarar til nr. 1 og 3 av dei typeteikningane som fylgjer med spörjeskjemaet.

" 5. Skjeker til ard har ikkje sett. Men i fremste enden av ardåsen var krok (eller lykkja – i den eine), so skjekene etter type 4 har altso ikkje vore brúka til nokon av desse – heller ikkje skjeker etter type 1. Det må ha vore jarn – lykkja eller krok i skjekene (ard-drattet) ogso.

" 6. Me seier plogdratte og då trulig ogso ard-drattet, (men det ordet har eg aldri höyrt sagt, avdi eg har aldri sett ard i brúk.

1952

Emne nr. 1

Andre blad:

Til 7. Kjenner ikkje til dette.

" 8. Ikkje dei eg har sett.

" 9. Nei det har eg aldri høyrt om.

" 10. Ja, på dei eine eg såg var noko slikt.

" 11. Har ikkje slike her.

" 12. Utan tvil laga av bygdesmedar, eller kanskje laga av bonden sjølv på garden i eigi smia.

" 13. Ja. Truleg kom fabrikksmidde plogar litt etter litt i bruk kring 1870-åri her på våre kantar.
Dei eldre plogar var arbeidde i bygdi.

" 14. Finst nok ingen slik plog i bruk no; men som smågut såg eg dei brukt.
Veltefjøli var flat av tre, utan jarn.
„Solen", var nok av jarn dei eg såg. –
Høyrde ikkje noko anna namn på desse plogane; men dei nyare vart visst kalla kjøpeplogar – eller fabrikkplogar.

" 15. Dette kan eg ikkje svara på. Har aldri sett det, det er truleg at det var so. Ein 86 år gl. mann har sett brukt ein liten „trepåle" til dette.

" 16. Det var vel so ymist det, helst til den motsette sida av veltefjøli.

" 17. Ja, det var – og er vanleg enno, det.
Namn på den klossen har eg ikkje høyrt.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1 Tridje blad.

Til 18. Ja, på større garde, av omsyn til terrenget, og ein må taka omsyn til fjell som stakk fram i plogføri. I eine åker kan fjöre-plogen skjøyra seg fast inn under ei nebba (nybba) som stakk fram; men der kan vendeplogen glida over — og omvendt.

" 19. Ca 6 tumar. Kan ikkje hugsa noko ~~om~~ sikkert det. Hjul var det allvisst ikkje; men eg tykkjest hugsa det var ei jarnskina med hol i som ein kunde stilla opp og ned med.

" 20. Ja. Kan ikkje hugsa anna.

" 21. Har ikkje höyrt om det.

" 22. Do

23. Do.

Her seier me plogåsen, når det gjeld ein plog; ar = åsen, når det gjeld ein ar.
~~[illegible]~~ Ard er haukjörsord. uttale: ein ar, ein plog.

Oma 6/10-48.

Andr. Oma

1952

1952

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING